



Fjelly skal både opprustast og marknadsførast betre.

**Året 2009 var prega av at vi er få i laget, men vi står på.  
Styret ser lyst på framtida for laget.**

**Dette var konklusjonen i årsmeldinga for Uskedal Ungdomslag som vart lagt fram på årsmøtet i Helgheim søndag kveld.**



I det nye styret sit Håvard Stensletten Eik, Rigmor Rasmussen og Magni Traavik medan Randi M. Nybakk leier hyttestyret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På vårparten vart det gjort ein freistnad på å få i gang ein revy, men det stoppa opp og i årsmeldinga og på årsmøtet vart ein ny freistnad varsla. Under årsmøtet vart det streka under at det var interesse for saka, men dei kunne ikkje finna ein instruktør til å ta hovudansvaret.

Magni Traavik tykte at det ville vera spesielt kjekt å ha ei revyframsyning 17. mai.

Diskotekdrifta er endra. Ved siste årsskifte vart samarbeidet med Rosendal Lys og Lyd stoppa og laget tok ansvaret sjølv etter å ha fått ei gåve til utstyr. Sist vår var det 5 barnediskotek og sist haust 2 barnediskotek og eitt ungdomsdiskotek med stor suksess. Som tradisjonen tilseier hadde laget ansvaret for matsal under museumsdagen på Rød.

Kvar onsdag står bingogruppa på og vart sterkt berømma i årsmeldinga fordi ho skaffar laget pengar som dei treng sårt.

Helgheim har vore leigd ut til 4 bryllup, konfirmasjon, bursdagsfestar og to basarar. Under årsmøtet vart det streka under at dei saknar ein person som kan ta vaktmeisteransvar.

Formann Morten Eik sa frå seg vervet som formann då han om kort tid skal flytta frå kommunen. Nokon ny formann vart ikke valt på årsmøtet då styret skal konstituera seg sjølv på første styremøte, etter at det eventuelt er supplert med fleire. Dei som førebels sit i styret er Håvard Stensletten Eik, Rigmor Rasmussen, Lovise Sunde og Magni Traavik.

Kva som skal skje med hytta Fjelly ved Mannsvatnet var den viktigaste saka under årsmøtet.. I fjor tok Randi M. Nybakk over ansvaret for utleige og ho har danna eit nytt hyttestyre som består av Odd Steinar Arnesen, Janne Yri, Albert-Ove Nybakk og ho sjølv. Det er allereie gjort ein stor dugnadsinnsats, mellom anna ein ved-dugnad der 12 stilte på kort varsel. Det nye styret ynskjer å heva standarden på hytta.

Men interessa for Fjelly har vore dalande. Hytta har ikkje vore utleigd meir enn 9 gonger i 2009 og Randi fekk på årsmøtet samrøystes tilslutnad til eit forslag om utleige til dei ein vil med ei prøvetid på eitt år. Bakgrunnen for forslaget var ein paragraf som seier at hytta berre kan leigast ut til medlemmer i laget, utflytta uskedelingar og folk med tilknytning til bygda. Grunnen til denne paragrafen var at hytta vart bygd som ei lagshytte og som ein rekreasjonsstad for bygdefolket. Men dette gjer det vanskeleg å marknadsføre Fjelly.

Under årsmøtet fortalde fleire om eit yrande liv på Fjelly, med opptil to festar i året. Randi M. Nybakk streka under at området ved Mannsvatnet er finaste plassen i Uskedalen og at den beste reklamen ein kan gjera for bygda er å bringa turistar dit.

Avgåande formann Morten Eik tykte dette var ei vanskeleg sak, men han gjekk med på ei prøveordning på bakgrunn av den sviktande bruken. Så får ein ta opp att saka på neste årsmøte.

Av Ola Matti Mathisen



Hausten 2009 vart det halde ved-dugnad på Fjelly. Då vart dette biletet teke. (Foto: Albert-Ove Nybakk)